

Uttale til konsesjonssøknad Onarheim transformatorstasjon på Husnes i Kvinnherad kommune

Til

uttalelse@nve.no

Høringsuttalelse 202207831

Uttale fra Husnes Båthavn og Husnes Utvikling

Husnes Båthamn er sterkt hemma av høgspentlinja som går over båthamna og innseglinga til båthamna og Bogsnesvågen.

Høgspentlinja hindrar vidare utvikling av Husnes Båthavn og framtidig tilrettelegging for sentrumsnær sjøaktivitet for Husnes sentrum.

Husnes som regionssenter har ikkje same utviklingsmulighet som samaliknbare sentra på Vestlandet.

I **vedlegg 1** blir det peika på framtidige kraftbehov og forsterka straumnett:

Onarheim transformatorstasjon vil forbedre forsyningssikkerheten i området, og forbereder for mange fremtidige forsterkninger i stromnettet som vi står overfor i Sunnhordaland og til Haugalandet. Den nye stasjonen vil også legge til rette for økt kraftforbruk og småkraftproduksjon i Husnes og i omegn.

Me som uttalar oss her, deler dette synet, men er uroa over at vekst og utvikling i Sunnhordland og Haugalandet vil skje på bekostning av vidare utvikling og vekst på Husnes og i Kvinnherad kommune.

Me er kjende med at kommunestyret i Kvinnherad har skjerpa sin høyingsuttale vedr. pkt. 3 i uttalen til å setja fokus på sjøkabel i staden for luftspenn.

Vedlegg: - brev til SKL, Sunnhordland Kraftlag, datert 14.08.1981
 - omtale i avis Kvinnheringen 17.08.1981

Desse vedlegga viser at problematikken med høgspentlinja over båthamna og innseglinga til denne og Bogsnesvågen, er velkjend.

I dag ville Statnett aldri fått konsesjon til å byggja ei høgspentlinje over ei eksisterande båthamn. Statnett uttalar i samband med bygging av Onarheim transformatorstasjon at dei i løpet av 10-15 år vil oppgradera HSP-linja mot Stord som i dag går over båthamna og Bogsnesåsen og vidare i sjøkabel over fjorden frå 300 til 420KV. Dei ser for seg sjøkabel over fjorden frå Langåt slik at linja over båthamna då vil bli fjerna. Me meiner på bakgrunn av den uhaldbare situasjonen dagens linje medfører for båthamna at denne omlegginga må vesentleg framskyndast.

Onarheim transformatorstasjon vil leggja beslag på eit stort område i den planlagte grøne næringsparken på Husnes. Når me veit at ei høgspentlinje i luft har byggeforskriften langs linja som bandlegg nesten 4 gonger så stort areal som jordkabel, 40 mot 11m, må det i størst mogleg grad nyttast jordkabel. Dette må gjelda både siste strekket frå ny mast i lia ovanfor fylkesvegen og ned til stasjonen i tillegg til dei 2 nye planlagte 300KV linjene frå stasjonen som skal forsyne Hydro og linja vidare mot Stord når den skal oppgraderast til 420KV.

Statnett bør derfor straks gå i dialog med Kvinnherad kommune og saman planleggja trase for 420KV jordkabel frå Onarheim transformatorstasjon nordover i næringsparken til der kabelen går vidare i sjø i

nordre ende av eksisterande industriområde. Kabelen kan gjennom næringsparken til dømes leggjast langs planlagt gjennomgående veg for å bandleggja minst mogleg areal.

Me veit at det i dag i mykje større grad enn før ved nærføring av bustad, nærings og industriområder vert nytta jordkabel framfor luftlinje både av omsyn til miljø, estetikk, folkehelse og arealbruk.

Me er uroa over at linjetrasèen i luftspenn over Husnes Båthavn ikkje er omtala i konsesjonssøknaden.

Me oppmodar på det sterke at Statnett legg om linjetrasèen for høgspentlinja slik som føreslege framom her.

Husnes, 1. april 2023

Husnes Båthavn (org.nr. 986 884 858)

Olav Hilmar Koløy, leiar

Husnes Utvikling (org.nr. 971 356 545)

Arne Bernhard Olsen, Leiar